

## Alpinsk gemse

Denne jakta arrangerast sør aust i Frankrike, litt nord om Marseille. Området vi jaktar på er over 15000 hektar. Her jaktar vi frå 600 moh til 1800 moh, alt etter jegers fysikk. Jaktseasonen startar i september og varar ut desember. Den beste tida er i brunsten, frå midten av november til midten av desember. I brunsten er aktiviteten høgare og gemsane eksponera seg meir, og dette vil gje fleire skotsjansar.

Ein typisk jakt dag her inneberer ein tidleg start, viktig og komme seg opp i fjella før gemsane tar dagleie. Normalt sett vil ein sjå fleire grupper med gemsar kvar dag. Lunsjen eter ein i terrenget, før ein jaktar vidare på ettermiddag/kveld. Ein prøvar å komme seg ned frå fjella før det mørknar, men hovudlykt bør være med i sekken.

Gemsane er sky, og du bør være forberedt på skothald frå 150-350 meter. Vi jaktar vi både ho- og hanndyr på denne jakta. Ingen store forskjellar på trofea, hanndyra vil normalt sett ha litt tjukkare horn. Blir årleg felt fleire gemsar i medaljeklassen i dette området. Dei fleste fellar gemse i løpet av to dagar, men mi anbefaling er 3 dagar med jakt for å være sikker.

Ein flyr til Marseille, der tar min samarbeidspartnar møter deg/dykk. Derifrå er det ein køyretur på rundt 2 timar. Det er problemfritt å ta med eige våpen. Er mogleg å leige rifle om du ynskjer dette.

Maks 2 jegerar, jakta er i utgangspunktet 1:1(ein guide per jeger) , viss ønskeleg kan det være 2:1(2 jegerar per guide)

Prisoversikt:

Pris per jeger 1470 euro

### Inkludert:

- 3 jaktdagar
- Køyning under jakta
- Tolke
- 4 dagar med kost og losji(alt unntatt alkohol)

### Ikkje inkludert:

- Fransk jaktlisens og forsikring for 3 dagar jakt – 100 euro
- Troféavgift gemse uansett storleik – 1800 euro
- Transport Marseille revir tur/retur – 250 euro per bil
- Leige av våpen – 50 euro per dag
- Ammunisjon – 5 euro per patron
- Tips
- Flåing og preparering av trofé(skalle) samt sending til Noreg – 150 euro
- Skuldermontasje og sending til Noreg – 650 euro
- Ledsager som delar rom med jeger – 50 euro per natt inklusiv alle måltid



- Ledsager med eige rom – 150 euro per natt inklusiv alle måltid
- Flybilletter til Marseille
- Ved stadfesta skadeskyting og resultatlaust ettersøk med sporhund, forfell troféavgifta



post@reliajaktreiser.no  
reliajaktreiser.no  
Mob: + 47 95205880

